
Saknr: 2020/1928-41
Saksbehandlar Dagmar Reutz Hillestad
Dato: 22.04.2020

Til: Fylkeseldrerådet i Vestland

Frå: Dagmar Reutz Hillestad

Aldersvenlege lokalsamfunn – KS nettverkssamling Oslo 4. mars 2020

Kommunenettverket for aldersvenlege lokalsamfunn held fram arbeidet i 2020. Det skulle i år vore fleire felles samlingar og fagsamlingar for kommunane i nettverket, men grunna situasjonen med covid 19 er det halde kun ein konferanse i nettverket i 2020.

Samlingane har hatt som formål å byggje opp kunnskap om kva som ligg i omgrepet aldersvenlege lokalsamfunn. Det handlar om å gjera samfunnet i stand til å møte utfordringane og muligheiter knytta til ein aldrande busetnad. Fleire sektorar må bli involvert i arbeidet, og medverknad må vera i fokus.

Det er delt inn i fem ulike temaområder:

- Universell utforming/utendørsområder og fysisk aktivitet
- Bustader
- Transport
- Samfunnsdeltaking
- Medverknad og kommunikasjon

KS er iferd med å utvikla ein modell for eit nasjonalt nettverk for aldersvenlege lokalsamfunn - med samlingar og verktøy som skal hjelpa kommunane på veg mot eit meir aldersvenleg samfunn.

KS har fått ansvar for prosjektet «Aldersvenlege lokalsamfunn». Dette er ein del av samarbeidsavtalen med regjeringa og må sjåast i samanheng med «Leve Hele Livet» som fylkesmennene har fått ansvar for.

Oppsummering frå samlinga blir gitt i møte 28. april.

Vedlegg:

1. Program for samlinga i Oslo 4. mars 2020